

Fra: England, Norunn (norunn.english@difi.no)

Sendt: 15.12.2017 14:39:39

Til: Terje Haugsgjerd

Kopi: Askvik, Hege Feet

Emne: SV: Førespurnad om foredragshaldar til Bergen 26. januar

Vedlegg: image001.png

Hei Terje!

Difi vil gjerne bidra med opplæring i desse tre tinga du nemner. Ut frå erfaringane har eg brukt ca 1,5t med pause i mellom og spørsmål undervegs.

Vi er svært glad for at bibliotektilsette vil bli betre på offentlege digitale tenester og at dei også vil hjelpe innbyggjarane våre til å bli meir sjølvhjelpete med innloggingstenestene.

Bibliotektilsette er viktige i førstelinjetenesta mot innbyggjarane, slik også servicetorg og NAV-tilsette er. Håpar de og kan invitere med desse gruppene til mitt innlegg, då vi i Difi trur dei og kan ha god nytte av opplæringa. Presentasjonen blir sendt deg i ettertid for distribuering til deltakarane.

26.januar passar godt for oss. Kostnadene til reise (og opphald) må de dekke, medan Difi dekkar den totale arbeidstiden.

Helsing Norunn England

481 90 722

Fra: Yekan, Esther Elise **På vegne av** Postmottak DIFI

Sendt: fredag 15. desember 2017 13.29

Til: England, Norunn <norunn.english@difi.no>

Emne: VS: Førespurnad om foredragshaldar til Bergen 26. januar

Fra: Terje Haugsgjerd [<mailto:Terje.Haugsgjerd@hfk.no>]

Sendt: fredag 15. desember 2017 11.23

Til: Postmottak DIFI <PostmottakDIFI@difi.no>

Kopi: Ruth Ørnholt <Ruth.Ornholt@hfk.no>

Emne: Førespurnad om foredragshaldar til Bergen 26. januar

Hei!

Eg arbeider i Hordaland fylkesbibliotek, der vi skal gjennomføre eit kursopplegg knytt til e-læringsprogrammet «[23](#)

offentlege ting» med mål om å auke den digitale kompetansen til tilsette i kommunale folkebibliotek.

Vi startar fredag 26. januar i Bergen, med ei generell innføring i offentlege digitale tenester, som t.d. tema som elektronisk id, digital postkasse og Norge.no.

Vi lurte på om de har ein person som har mogligheit til å ha eit innlegg (45-60 min.) knytt til dette, eventuelt tips til gode formidlarar om desse temaa, slik at vi kan inspirere og opplyse våre kursdeltakarar best mogleg. Norunn England hjå dykk (norunn.England@difi.no) har holde liknande innlegg hos andre fylkesbibliotek, og er velkommen til oss også 😊

Helsing Terje Haugsgjerd

Terje Haugsgjerd

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga|fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 73 / 48 30 62 60

www.hordaland.no/fylkesbiblioteket